



**Saksbehandlar:** Eileen Selland

**Kommunedirektør:** Filippo Ballarin

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/23	Formannskap	09.02.2023
003/23	Ungdomsråd	06.02.2023
002/23	Eldreråd	06.02.2023
002/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	06.02.2023

## Oppstart av rullering av trafikktryggingsplan

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommune startar opp rullering av gjeldande trafiksikringsplan 2019-2029 (no trafikktryggingsplan) som ein temaplan.

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:

#### Behandling:

#### RF- 002/23 Vedtak:

##### Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar tilrådinga til kommunedirektøren.

Som representant frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne til arbeidsgruppe for trafikktryggingsplanen: Steinar Frønsdal

### Eldreråd 06.02.2023:

#### Behandling:

#### ER- 002/23 Vedtak:

##### Uttale frå Eldrerådet:

Samrøystes

Eldrerådet støttar tilrådinga til kommunedirektøren.

Representant frå Eldrerådet til arbeidsgruppe for trafikktryggingsplanen vert: Unni Halvorsen med

Ingvor Gundegjerde som vara.

### **Ungdomsråd 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

#### **UNG- 003/23 Vedtak:**

##### **Uttale frå Ungdomsrådet:**

Samrøystes

Ungdomsrådet støttar tilrådinga til kommunedirektøren.

Representant frå Ungdomsrådet til arbeidsgruppe for trafikktryggingsplanen vert: Mariell Markhus Vevatne

### **Formannskap 09.02.2023:**

#### **Behandling:**

#### **F- 013/23 Vedtak:**

##### **Samrøystes**

Etne kommune startar opp rullering av gjeldande trafikktryggingsplan 2019-2029 (no trafikktryggingsplan) som ein temaplan.

#### **Saksutgreiing**

##### **Samandrag**

I desember 2019 vart trafikktryggingsplanen (no trafikktryggingsplanen) vedteke av kommunestyret, med råd om snarleg rullering. Då det er ei stund sidan planen sist var til politisk handsaming, vert det på nytt fremja oppstart av ei rullering med mogelegheit til å gi nye innspel.

Trafikktryggingsplanen skal utarbeidast på bakgrunn av den gjeldande planen frå 2019, og er ei revidering av denne.

Den nye planen vil ikkje ha status som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova kapittel 11. Ved å gi trafikktryggingsplanen status som ein tematisk plan vert sakshandsaminga forenkla, og ein unngår utarbeiding og handsaming av planprogram etter plan- og bygningslova §11-13 når planen skal rullerast. Status som temaplan gir likevel planen same styringsmakt og tyding som ein kommunedelplan, og planen skal vedtakast av kommunestyret etter utlegging på høyring og offentlig ettersyn. Sjølv om ein temaplan ikkje følgjer dei same krava som ein kommunedelplan jamført plan- og bygningslova, skal det varslast oppstart av planen i lokalavisa og på nett for å sikre ein god start for vidare medverknadsarbeid.

Denne oppstartsaka vert fremja for handsaming i Formannskapet, Ungdomsrådet, Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. No er det mogeleg å kome med innspel til det som

vart vedteke i 2019. Innspela vert teke med i prosessen vidare.

### **Bakgrunn for saka**

Det er frå før sett saman ei interngruppe som arbeidar med søknader for fysiske trafikktryggingstiltak på veganlegga våre. Ei utvida gruppe saman med fylket, vegvesen, politi og Trygg trafikk vert kalla inn ved oppstart av trafikktryggingssplanen. Desse eksterne aktørane skal i ettertid kunne bistå interngruppa når det gjeld trafikktrygging.

For å sikre best mogeleg medverknad blant dei folkevalde vert det laga ei arbeidsgruppe for trafikktryggingssplanen. Saman med interngruppa og dei eksterne aktørane, vert éin representant frå områda under invitert:

- Helse og omsorg
- Folkehelsekoordinator
- Barnerepresentant i plansaker
- Ungdomsrådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Eldrerådet

Som del av arbeidet med planen skal det gjennomførast barne- og ungdomstråkk der born og elevar frå barnehage og skule skal svare på kvar dei går og oppheld seg i sentruma. Sist gong ei slik registrering vart gjennomført i kommunen var i 2010 for Etnesjøen og 2011 for Skånevik sentrum.

Ein føresetnad for å søkje om midlar til trafikktryggingstiltak er at gjeldande plan med tiltaksliste er oppdatert. Når ein søker om tiltak, skal nemleg tiltaket samsvare med denne lista. Ved å rullere trafikktryggingssplanen vil kommunen ha større føresetnad for å treffe på tilskotsordningar. Slike tilskotsordningar følgjer ofte med ein eigenandel frå kommunen, noko som presiserer trongen for ein oppdatert plan og liste.

### **Saks- og faktaopplysningar**

Gjeldande trafikksikringsplan 2019-2029 vart vedteken i desember 2019. Som del av vedtaket den gongen ba kommunestyret samtidig om rulling av planen. Gjeldande plan og møtebok er vedlagt.

Utdrag frå møtebok 12.12.2019, saknr. 092/19:

*«Tillegg til vedtak: Etne kommunestyre ber om snarleg rulling av planen, seinast innan juni 2021. Ein ber om at planen omfattar oppdaterte tal og at nye trafikksikringstiltak blir innarbeidde, som mellom anna rimelege haldningsskapande tiltak. Planen må ha fokus på folkehelse og haldningsskapande arbeid retta mot alle innbyggjargrupper. Ein bør i arbeidet dra nytte av kompetanse og tiltak frå Trygg Trafikk. I arbeidet med planen må det vera eit mål om å få Etne kommune godkjent som Trafikksikker kommune.*

*Tiltaksliste Trafikksikringsplan*

*E-134*

- *Busstopp Fjæra, retning aust. Busstoppen er rett utafor Fjæratunnellen i 80 km sona. Det er med stor fare reisande kryssar vegen. Busstoppen bør flyttast til kai, eller andre løysingar der ein unngår å kryssa E-134.*
- *Busstopp E-134/Litledalsvegen, retning vest. Busstoppen blei fjerna for 15 år sidan av omsyn til trafikktrygging. For reisande og skuleelevar til vidaregåande skule er neste stopp ved Etne Camping. Busstopp retning aust er midt i vegkrysset. Her må ein sjå på ei trygg løysing begge vegar.*
- *Gang- og sykkelveg Mo- Steine må ferdigstillast og prioriterast høgt.*

- *Lokalisering av ny busshaldeplass i Etne sentrum*

*FV 5014- Strondavegen*

- *Fylkesvegen bør bli forkøyrsvog.*
- *Fotgjengarfelt Barnehagevegen/Strondavegen*

*Tongane- ferdigstilling av gangveg*

*Trafikksikringstiltak skuleveg: kryss Åsheimsvegen/Åsheimsvegen mot Schumannsvegen. Ber om ei vurdering av tiltak.*

*I samband med arbeidet med trafikksikringsplanen ber ein Driftsutvalet revidere retningslinene for farleg skuleveg, spesielt med omsyn til strekningane Tendal- Skånevik skule, Nesvåg- Skånevik skule og Fjøsna- Enge skule.*

*Andre tiltak*

*Nr 7.Oppruste og utvide ved Kjerringkleiv fv 5014*

*Nye punkt på prioritert tiltaksliste:*

- *Tilpassing mellom Mørkelikrysset og den kommunale vegen, med gang og sykkelveg.*
- *Utbetring av vegen Børkjenesmyrane (Fv 5014).»*

Nokre av desse tiltaka har vore arbeidd med, og andre er ferdigstilt eller nærmar seg ferdigstilling. Den reviderte planen vil oppdatere status på lista over tiltak i ei prioriteringsliste for både fysiske tiltak og for trafikantretta tiltak (ikkje-fysiske tiltak; slik som haldningskampanjar og liknande).

Det vert føreslått at prioriteringslista skal inngå i budsjettprosessen og oppdaterast i samband med vedtak av budsjettet kvart år. Saman med prioriteringslista skal det følgje ein statusrapport for innehavande år.

#### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Trafikktryggingssplanen vert utarbeidd som ein strategisk plan, og vert ikkje omfatta av dei formelle krava i plan- og bygningslova. Det skal likevel leggjast vekt på medverknad gjennom heile prosessen.

#### **Vedlegg:**

01 Trafikksikringsplan 2019-2029 22112019 Vedteke

Møtebok\_Trafikksikringsplan\_12.12.19